



Derek Vallentin Andersen  
Rambergsvegen 83  
5282 LONEVÅG

Referanser:

Dykkar: 62d0f1ab-125b-4768-9835-  
e29842421cb7

Vår: 21/9985 - 21/81164

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

[linda.folkestad@alver.kommune.no](mailto:linda.folkestad@alver.kommune.no)

Dato:

30.11.2021

## Svar på søknad om endret eller utvidet bruk av avkjørsel - gbnr 336/93 Ådland nordre

Saka gjeldt søknad om tillatelse til uvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg for fritidsbustad – gbnr 336/93 - datert 29.10.2021.

### Saksutgreiing:

#### Informasjon om saka:

Tiltakshavar skal bygge fritidsbustad på gbnr 336/93 og skal ha tilkomst til eigedom via privat vegnett som munnar ut i kommunal veg. Trafikk til og frå fritidsbustad skal være for ei familie med personbil. Fritidsbustaden vert nabovarsla og byggemeldes. Det er stor avstand mellom hyttetomt og avkjørsle frå kommunal veg. Situasjonsplan vises for fritidstomt. Vedlegg viser avkjørsle til kommunal veg.

#### Vurdering/drøfting:

Det vert søkt om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg for fritidsbustad på gbnr 336/96 Ådland nordre. Avkjørsle vil verte nytta av ei familie med personbil. Det er sendt inn situasjonsplan som viser avkjørsle og situasjonsplan som viser fritidsbustad. . Det er vist at det skal etablerast to parkeringsplasser på tomta. Tomta er av god størrelse og det er nok areal til å etablere snuareal på eigen grunn.

Det er ikkje lagt ved avtale om rett til å bruke privat veg. For at løyve til utvida bruk skal være godkjent må slik avtale ligge føre.



### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 [www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

Kommunal veg er etablert som ei eitefeltsveg med to køyreretningar. Farsgrensa på vegen er ihht vegkart.no satt til 50 km/t. Avkjørsler langs vegen skal fungerer som møteplasser.

#### Samandrag/konklusjon:

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning gir med heimel i Veglova §§ 40-43 med tilhøyrande regelverk utvida bruk av eksisterande avkjørsle på vilkår.

#### **Vedtak:**

Med heimel i Veglova §§ 40-43 med tilhøyrande regelverk vert det gitt løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar dei tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt Vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius og drenering under avkjørsle.
- Det skal ligge føre rett til å nytte privat veg. Avtalen bør tinglysast.
- Siktsona skal ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt vegnivå. Eigar/brukarane av avkjørsle skal, til ein kvar tid, halde siktsona vedlike.

Utfyllande informasjon om krava til sikt og utforming av avkjørsle er å finne på kommunen si heimeside:

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Vedtaket gjeld avkjørselsløyve. Tiltaket kan vere søknadspliktig og skal då handsamast av byggesak.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

#### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-  
forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Erlend Lien

Ture Nermans vei 5143  
165 B

FYLLINGSDALEN

**Mottakarar:**

Derek Vallentin Andersen

Rambergsvegen 5282  
83

LONEVÅG